



Stortinget og demokratiet

NYNORSK

Innhald

- 4 «Folket udøver den lovgivende Magt ved Stortinget»
- 7 Frå bygdeting til storting
- 13 Statsforfatninga i Noreg
- 16 Stortingsval
- 19 Korleis Stortinget vedtek lover
- 22 Budsjettarbeidet på Stortinget
- 27 Stortinget som kontrollorgan
- 31 Arbeidsordninga på Stortinget
- 38 Forklaring på visse ord og omgrep
- 42 Besøks- og formidlingstilbod



«Folket udøver den lovgivende Magt ved Stortinget»



Grunnlova frå 1814 delte makta i tre: den iverksetjande makta (Kongen), den lovgjevande, løyvande og kontrollerande makta (Stortinget) og den dømmende makta (domstolane).

Ordet Stortinget er innhaldsrikt og vekker førestellingar om alt frå den særmerkte bygningen på Løvebakken, Grunnlova, parlamentarismen og forsamlinga av folkevalde til lover, statsbudsjett, spørjetimen, politiske ordskifte og samfunnslære på skulen.

Stortinget er ein demokratisk og tilgjengeleg institusjon. Tanken med dette heftet er å spreia kunnskap om nasjonalforsamlinga vår. Demokratiet vårt, folkestyret, byggjer på at både unge og eldre er med i samfunnslivet. Difor er det viktig at vi alle har kunnskap om den demokratiske styreforma vår.

Ein fullsett stortingssal. Stortingsrepresentantane sit i vifteform etter valdistrikt. Den innte rada er reservert regjeringa. Under måleriet Eidsvold 1814 finn vi presidentpodiet og talarstolen, med presselosjen til høgre i biletet og diplomatlosjen til venstre.



Med Guds Gåde
Sveriges, Hollens och Wendes
Könige

Schwinge till Herrige.
Merlin till Schleswig Holl.
Kein, Stormarn och Dittmarren

Erstare till Wendenburg och Detmoldhorst.
Vore weterligt: att då Wi och den Stormagtigste
örne Furst och Herre, Herr Frederik II, War
skelige Bröder och Frände, Dannemarks,
iges, Wendes och Göttes Konung, Hertig
Schleswig Hollstein, Stormarn, Dittmarren.



Frå bygdeting til storting

Stortinget, Noregs nasjonalforsamling, vart til på Eidsvoll
i 1814, men har røter mykje lenger tilbake.

Alt frå før år 800 har frie menn møtt på
allmannating rundt omkring i landet. Der
vart rettslege og ein del politiske fellessaker
drøfta. Desse tinga fekk etter kvart viktige
funksjonar i hopehavet mellom konge og
bønder.

Samstundes med rikssamlinga (om lag
900–1030) vart landet delt inn i lagting
(Frostating, Gulating og Eidsivating) som
var overordna for heile landsdelar. Lagtinga
var representasjonsting med utsendingar
frå ulike distrikt i landsdelen. Der vart det
sagt dommar og utarbeidd lover. På tinga
vart kongsemne hylla og «tekne til konge»,
og kongane fekk såleis si lovheimla makt
frå folket.

Ein forløpar til ein demokratisk skipnad der
representantar for folket møtest på ting og
avgjer saker, fanst altså i Noreg. Prinsippet
om at landet skal vera styrt etter kjende lover,
er òg ein gammal tradisjon. Dei gamle
lagtinga vart samla til eitt lovområde, og
Magnus Lagabøte fekk skrive ned ei landslov
med dei lovreglane som galdt. Landslova frå
1274 var utan sidestykke i si tid, og ho stod
ved lag heilt til den danske unionskongen

Frederik 3. innførde eineveldet i 1660.
Kongelova (1665) var grunnlov for Noreg
fram til 1814.

I 1807 vart Norden for alvor dregen inn
i Napoleonskrigane som rasa ute i Europa,
med Danmark-Noreg og Sverige etter kvart
på kvar si side i konflikten. Nederlaget til
Napoleon i Russland (1812) vart byrjinga
på slutten både for keisaren sjølv og for den
dansk-norske unionen.

Sverige slutta seg til Napoleons motstandarar,
og stormaktene lova at den svenske tronfyl-
gjaren Karl Johan skulle få Noreg dersom
han vart med på å knusa Frankrike. Etter
den avgjerande sigeren i slaget ved Leipzig
i oktober 1813 drog Karl Johan nordover for
å tvinga fram ei avgjerd i krigen mot Danmark.
Den danske kongen Frederik 6. gav seg fort,
og 14. januar 1814 skreiv han under på ein
fredsavtale i Kiel. Der gav han frå seg Noreg
til kongen av Sverige.

Den danske tronfylgjaren Christian Frederik
var komen til Noreg som statthaldar i mai
1813. Han nekta å godta Kielfreden. Den
16. februar 1814 kalla prinsen dei mektigaste



Oscar Wergeland
(1844–1910): Eidsvold 1814,
1884–85, olje på lerret,
285 x 400 cm. Måleriet heng
i stortingssalen.

mennene inn til eit stormannsmøte på Eidsvoll for å drøfta framtida for landet. Dei fram møtte rådte Christian Frederik frå å gjennomføra den opphavlege planen sin om å hevda arveretten sin til den norske trona og lata seg utropa til konge. Stormennene ynskte ei liberal statsforfatning og at ein ny konge måtte veljast av folket. På møtet vart det bestemt at det skulle veljast ei forsamling som skulle gje landet ei forfatning. Tanken om folkesuvereniteten hadde sigra. Dessutan vart det bestemt at «folket» skulle gjera eid i kyrkjene på å «hævde Norges Sælvstendighed, og at vove Liv og Blod for det elskede Fædreland».

Deretter skulle kvar kyrkjelyd peika ut valmenn som i sin tur skulle velja representantar til den grunnlovgevande forsamlinga. Til så lenge skulle Christian Frederik styra landet som regent.

RIKSFORSAMLINGA PÅ EIDSVOLL

Av dei 112 mennene som møtte på riksforsamlinga på Eidsvoll, kom 25 frå byane, 33 frå hæren og flåten og 54 frå landdistrikta (amta). Etter yrke fordelte dei seg slik: 37 bønder, 13 kjøpmenn, fem brukseigarar og 57 embetsmenn. På grunn av dei store avstandane og den knappe tida var Nord-Noreg ikkje representert. Det var ei ung forsamling som møtte på Eidsvoll, gjennomsnittsalderen var litt over 42 år. Den yngste var 17 år.

Då riksforsamlinga kom saman, låg det føre ei rekkje utkast til grunnlov. Utkastet frå Christian Magnus Falsen og Johan Gunder Adler vert rekna som det viktigaste. Ein konstitusjonskomité på 15 medlemmer skulle laga det endelege utkastet til framtidig grunnlov for Noreg. 16. april drøfta dei hovudprinsippa, og i tida mellom 19. april og 11. mai sjølv grunnlovsteksten.



Ordsiftet vart prega av to meiningsgrupper («parti»). Fleirtalsgruppa, som vart kalla sjølvstendepartiet (eller «prinsepartiet» av motstandarane) og var på om lag 80 representantar, heldt på fullt norsk sjølvstende. Mindretalsgruppa, som vart kalla unionspartiet (eller «svenskepartiet» av motstandarane) og var på om lag 30 representantar, meinte at norsk sjølvstende var urealistisk. Dei ville ikkje ta standpunkt før dei var visse på at Noreg ikkje stod heilt åleine.

17. mai vart det reinskrivne eksemplaret av Grunnlova underskrive. Same dagen vart Christian Frederik samrøystes vald til konge i eit fritt, sjølvstendig og uavhengig Noreg. 19. mai møtte den nyvalde kongen i riksforsamlinga og gjorde eid på Grunnlova. Neste dagen heldt riksforsamlinga siste møtet, og til slutt tok representantane kvarandre i hendene og laga broderkjede medan dei ropa: «Enige og troe indtil Dovre falder!»

Dermed hadde landet fått si eiga grunnlov og si eiga nasjonalforsamling – Stortinget.

GRUNNLOVA FRÅ 17. MAI 1814

Hovudprinsippa i Grunnlova bygde stort sett på dei same tankane som låg til grunn for til dømes den amerikanske sjølvstende-fråsegna (1776) og konstitusjonen (1787) og dei franske forfatningane (1791, 1793, 1795): folkesuverenitetsprinsippet, maktfordelingsprinsippet og borgarrettane.

Folkesuverenitetsprinsippet

I dette låg det at makta skulle liggja hjå folket, som dermed hadde rett til å styra seg sjølv. Folket skulle sjølv velja representantar til ei folkeforsamling, som mellom anna skulle vedta lovene som skulle gjelda i samfunnet.

Detalj frå Grunnlova av 17. mai 1814: Segla og signaturane til eidsvollsmennene. Grunnlova vert oppbevart i stortingsarkivet.

Kongeriget Norges Grundlov,

givet

i Rigsforsamlingen paa Eidsvold
den 17^{de} Mai 1814 og nu, i Anledning
af Norges og Sveriges Rigers Forening,
nærmere bestemt i Norges overordnede
Storting i Christiania ^{og antagen} den 4^{de} Novbr

1814.

Maktfordelingsprinsippet

Dette prinsippet gjekk ut på at det var naudsynt å skilja den lovgjevande (Stortinget), iverksetjande (Kongen) og dømmande (domstolane) statsmakta frå kvarandre. Makta måtte delast mellom fleire maktorgan som både var uavhengige av kvarandre og kunne kontrollera kvarandre. Føremålet var å hindra maktkonsentrasjon og maktmisbruk.

Borgarrettane

Føremålet med borgarrettane var å sikra dei «medfødde og umistelege» rettane til borgarane. Grunnlova slo fast at borgarane har rett til ytringsfridom, næringsfridom og rettstryggleik. Religionsfridomen var òg vedteken som grunnsetning for grunnlovsarbeidet, men vart ikkje teken inn i nokon grunnlovsparagraf. Gjennomføringa av desse rettane skjedde berre gradvis.

GRUNNLOVA FRÅ 4. NOVEMBER 1814

26. juli 1814 gjekk Sverige til krig for å hevda den retten til Noreg som fylgde av Kielfreden. Det vart ein kortvarig krig, og etter tingingar i Moss vart ein 14. august samde om våpenstillstand og Mossekonvensjonen vart underskriven. Den gjekk ut på at Noreg fekk ha Grunnlova mot at Christian Frederik gjekk av og forlét landet. Den norske regjeringa måtte då kalla saman eit omframt storting som 4. november gjorde dei naudsynte endringane i Grunnlova som unionen kravde, og valde så den svenske kong Karl 13. til norsk konge.

Med det gjekk Noreg inn i union med Sverige. Dei to landa fekk sams konge og dermed sams utanrikspolitikk, men hadde elles eigne styringsorgan og fullt indre sjølvstyre.

I den reviderte Grunnlova frå 4. november 1814 vart det slege fast i § 1 at «Kongeriget Norge er et frit, selvstændigt, udeleligt og uafhængeligt Rige, forenet med Sverige under een Konge». Unionen vart oppløyst i 1905.



Statsforfatninga i Noreg

Dei grunnleggjande reglane for korleis staten skal styrast, utgjer forfatninga (eller konstitusjonen) vår. Grunnlova er ein viktig del av statsforfatninga, men vi har òg rettsreglar som er resultat av praksis gjennom lengre tid (sedvanerett).

GRUNNLOVA

I «Kongeriget Norges Grundlov», som riksfor- samlinga på Eidsvoll vedtok 17. mai 1814, står det kven som skal styra landet og om korleis dette skal gjerast. Grunnlova deler arbeids- oppgåver og avgjerds-makt mellom dei ulike statsorgana, og ho set grenser for makta deira. Den norske statsforfatninga byggjer på folkestyret, altså demokratiet. I praksis fungerer dette som eit representativt demo- krati. Det vil seia at handsaminga av sakene og avgjerdene vert overlatne til folkevalde representantar.

Slik Grunnlova er i dag, byggjer ho altså på fleire prinsipp som vart slegne fast i den opp- havlege Grunnlova frå 1814: folkesuverenitet, maktfordeling og menneskerettar.

Grunnlova deler makta i tre, og slår fast at

1. Stortinget har den lovgjevande, løyvande og kontrollerande makta.
2. Kongen (i røynda regjeringa) har den iverksetjande makta og skal syta for at stortingsvedtak vert gjennomførte.
3. Domstolane har den dømmende makta. Høgsterett er den øvste rettsinstansen.

Gjennom Stortinget er det altså folket som styrer landet, gjev lover, løyver pengar, vedtek skattar og avgifter og kontrollerer regjeringa (og dermed forvaltninga).

For å sikra borgarane demokratiske rettar er nokre svært viktige rettsreglar grunnlovfeste.

Det står mellom anna at

- Ingen kan dømmast utan lov, og ingen kan straffast utan dom
- Det er trykkje- og talefridom
- Det er religionsfridom
- Ingen skal verta fråteken eigedom utan fullt vederlag
- Alle har rett til arbeid og medråderett på arbeidsplassen
- Staten har eit særleg ansvar for den samiske folkegruppa

Grunnlova i dag er ikkje identisk med Grunn- lova frå 1814. Ho er endra mange gonger, og nye føresegner er komne til. Desse endringane har ikkje kome som nokon heilskapleg revi- sjon av Grunnlova.



Statsminister Jonas Gahr Støres regjering på Slottsplassen i oktober 2021.

Ein fullstendig språkleg revisjon vart gjort i 1903, men før og etter det endra og skreiv ein inn nye paragrafar etter den språkforma som var i eksisterande grunnlov. I 2014 vart det på ny vedteke ein full språkleg revisjon, og vi fekk ei språkleg oppdatert grunnlov i to likeverdige utgåver på bokmål og nynorsk etter gjeldande rettskrivingsreglar. I same sesjonen vart det òg vedteke å føra inn ei rekkje menneskerettar i Grunnlova.

Grunnlova § 121 fastset at framlegg til grunnlovsendingar må takast opp på eit av dei tre fyrste stortinga i ein stortingsbolk, og at dei må handsamast i fyrste, andre eller tredje stortinget i neste bolken. Dermed kjem det alltid eit stortingsval mellom framlegg og eventuelt vedtak, så veljarane får høve til å gjera seg opp ei meining om endringsframlegget. Men i røynda er det svært sjeldan at grunnlovsframlegg er tema i valkampen.

Det krevst to tredjedels fleirtal for å få vedteke eit grunnlovsframlegg, og minst to tredjedelar av representantane må møta og røysta i grunnlovsspørsmål.

PARLAMENTARISMEN

Parlamentarismen er ei styreform som gjev parlamentet (Stortinget) kontroll over den iverksetjande makta (regjeringa). Regjeringa er ansvarleg overfor Stortinget og er avhengig av å ha tillit i Stortinget. Ei rekkje konstitusjonelle former regulerer tilhøvet mellom Stortinget og regjeringa.

I Grunnlova står det at Kongen sjølv vel sitt råd (regjeringa), men gjennom parlamentarismen er det i grunnen folket, ved stortingsval, som indirekte avgjer kva for regjering landet skal ha. Det er ikkje Stortinget som peikar ut medlemene i ei ny regjering, men parlamentarismen inneber at regjeringa må ha Stortingets tillit. Dersom Stortinget vedtek at «Regjeringa ikkje har tillit i Stortinget», må regjeringa gå av.

Frå parlamentarismen slo gjennom etter hard politisk strid i 1870- og 1880-åra, var dette ei uskriven ordning som verka som konstitusjonell sedvanerett. Fyrst 20. februar 2007 kom parlamentarismen inn i Grunnlova.



Medlemmer av regjeringa og stortingsrepresentantar er til stades under debattane i Stortinget.

PARLAMENTARISME I PRAKSIS

Spelereglane som har vakse fram i tilhøvet mellom storting og regjering, er i dag berebnelken i det politiske systemet vårt.

Det har vorte fremja ei rekkje mistillitsforslag i Stortinget. Sidan 1905 har det hendt berre to gonger at ei regjering har vorte felt av eit mistillitsvotum (i 1928 og i 1963).

Ei regjering kan også stilla kabinettsspørsmål og dermed truga med å gå av om ikkje Stortinget vedtek framlegget frå regjeringa i ei konkret sak. Når ei regjering stiller kabinettsspørsmål, legg ho press på Stortinget og set stillinga si inn på å få ei sak igjennom i Stortinget eller hindra at eit framlegg vert vedteke.

Dersom stortingsfleirtalet endrar seg ved valet og det dermed vert parlamentarisk grunnlag for ei ny regjering, er det vorte praksis at regjeringa viser til valresultatet og varslar at ho vil be om avskil. Det mest vanlege er at ho går av når det nyvalde stor-

tinget har kome saman og statsbudsjettet er overlevert Stortinget.

Andre omstende kan òg føra til at regjeringar går av. Det kan skje endringar innan regjeringa på grunn av meiningsskilnader mellom koalisjonspartnarar (indre politisk usemje), eller at ein statsminister ynskjer avløyning, eller at partiet ynskjer leiarskifte. At statsministeren vert sjuk eller døyr, har vore årsak til regjeringsskifte to gonger (i 1923 og i 1932). Heile regjeringa går av når ein statsminister går av. Det heng saman med at identiteten til regjeringa i stor grad er knytt til statsministeren som person.



Stortingsval

«Røysterett ved stortingsval har dei norske borgarane som har fylt 18 år eller fyller 18 år i det året valtinget blir halde.» (§ 50 i Grunnlova)



Kvart fjerde år i september skal det veljast 169 representantar til Stortinget. Det kan ikkje skrivast ut nyval i stortingsperioden. I Noreg er det allmenn røysterett. Det vil seia at alle norske statsborgarar som har fylt 18 år innan utgangen av valåret, kan røysta. Alle som har røysterett, kan veljast som stortingsrepresentantar (med nokre unntak, til dømes dommarar i høgsterett og tilsette i departementa og utanrikstenesta).

Det er ein føresetnad for å kunna røysta at ein står oppført i manntalet (liste over røysteføre). Det er hemmelege val, og ein røystar på politiske parti. Kven som skal stå på lista til dei ulike partia, er det deltakarane på nominasjonsmøtet i partiet som avgjer.

I Noreg har vi høvetalsval. Det tyder at partia får valt inn representantar i høve til kor stor oppslutning dei har mellom veljarane. Landet er delt inn i 19 valdistrikt, som i hovudsak følgjer dei tidlegare fylkesgrensene. 150 mandat er såkalla distriktsmandat, og 19 er utjamningsmandat.

Det er ikkje Stortinget, men Kommunal- og moderniseringsdepartementet som har ansvaret for å skipa til og gjennomføra stortingsval.

Partileiarane møtest til paneldebatt i vandrehallen når valresultatet er klart.



NORGES LOVER
1687–2016

Korleis Stortinget vedtek lover

Stortinget gjev, endrar og opphevar dei lovene samfunnet er styrt etter. Når det står i Grunnlova at det er folket som har lovgjevingsmakta, vil det i røynda seia at det er dei folkevalde, stortingsrepresentantane, som har den makta.

Heilt sidan 1814 har Stortinget handsama lover i to avdelingar – Odelstinget og Lagtinget. Når eit nytt storting kom saman etter eit val, vart ein fjerdedel av representantane valde til Lagtinget og tre fjerdedelar til Odels-tinget.

20. februar 2007 vedtok Stortinget – mot éi røyst – å oppheva ordninga med odelsting og lagting. Det innebar ein ny prosedyre frå 2009 der Stortinget handsamar lovsaker to gonger i plenum (i samla storting).

LOVHANDSAMINGA

Det er § 76 i Grunnlova som regulerer korleis Stortinget skal handsama lover:


«Alle lovframlegg skal fyrst gjerast på Stortinget, anten av ein stortingsrepresentant eller av regjeringa ved ein statsråd.»

FØREARBEID

Før lovframlegget frå regjeringa kjem som ein proposisjon til Stortinget, er det gjort eit grundig førearbeid. Er det eit større lovverk eller ein meir omfattande lovrevisjon det gjeld, set regjeringa gjerne ned eit sakkunnig utval. Det finst òg meir eller mindre permanente lovutval, som Straffelovrådet.

I eit slikt sakkunnig utval er det gjerne juristar, tenestemenn i forvaltninga og talsmenn for dei aktuelle partane. Utvalet leverer ei utgreiing og eit utkast til lov til det departementet der lova høyrer heime. Det er vanleg å trykkja slike utkast i publikasjonen Noregs offentlege utgreiingar (NOU).

LOVHANDSAMING



PROPOSISJON TIL STORTINGET (FRAMLEGG TIL LOVVEDTAK)

Departementet sender vanlegvis lovframlegget ut til høyring. Dermed får styresmakter, organisasjonar, institusjonar og foreiningar som lova får verknad for, høve til å uttala seg. Når fråsegnene frå høyringsrunden ligg føre, utarbeider departementet eit utkast til ein proposisjon til Stortinget med framlegg til lovvedtak. Proposisjonen vert lagd fram for Kongen i statsråd. Dersom lovframlegget vert godkjent der, vert den kongelege proposisjonen sendt til Stortinget. Lovframlegg kan innehalda både eit framlegg til lovvedtak og eit framlegg til ein annan type vedtak, til dømes eit løytingsvedtak.


KOMITÉHANDSAMING

Lovframlegget vert sendt til ein av dei faste fagkomiteane på Stortinget. Komiteen drøfter lovframlegget og kjem med ei innstilling og ei tilråding til vedtak i Stortinget. Dersom proposisjonen inneheld både lovframlegg og andre framlegg, skal komiteen koma med to innstillingar – ein for lovvedtaket og ein for stortingsvedtaket.

LOVHANDSAMING I PLENUM

Fyrste gongs lovhandsaming: Innstillinga frå komiteen vert debattert, framlegga vert tekne opp, vert voterte over, og til slutt vert det gjort eit lovvedtak. Dette vedtaket er ikkje eit endeleg vedtak etter fyrste gongs handsaming. Eit lovframlegg fell bort dersom det vert forkasta ved fyrste gongs handsaming.

Andre gongs lovhandsaming kan etter Grunnlova fyrst gjerast når det har gått minst tre dagar. Då skal Stortinget handsama det fyrste vedtaket sitt på ny. Dersom lovvedtaket vert vedteke også ved andre gongs handsaming, er lovhandsaminga i Stortinget avslutta. Vedtaket vert no sendt til Kongen i statsråd for sanksjon.



Eit lovframlegg må handsamast minst to gonger før det er endeleg vedteke. Dersom det mellom fyrste og andre gongs handsaming skulle verta levert inn ein merknad, skal det takast opp til votering ved andregongs-handsaminga. Skulle Stortinget no ved andre gongs handsaming gjera eit anna vedtak enn fyrste gongen, vert det laga ein lovmerknad som er grunnlaget for ei tredje gongs handsaming av framlegget. Stortinget kan no vedta merknadene frå andre gongs handsaming. Då er lova vedteken med dei endringane som går fram av merknadene. Stortinget kan også leggja saka vekk.

Dei fleste lovsakene er i realiteten avgjorde når komiteen har kome med si innstilling, sjølv om sjølve slutthandsaminga står att.

Når ei lov er sanksjonert, vert ho kunngjort i Norsk Lovtidend på www.lovdato.no.


Når Kongen har underteikna (sanksjonert) lovavgjerda og statsministeren har kontra-signert (medunderskrive), vert avgjerda gjeldande lov frå den tida lova seier, eller som regjeringa bestemmer.

Grunnlova slår altså fast at Stortinget har den lovgjevande makta, men i praksis delegerer Stortinget mykje av makta til regjeringa og statsforvaltninga. Det skjer ved at Stortinget vedtek rammelover eller fullmaktslover som gjev regjeringa eller statsforvaltninga løyve til å gje utfyllande føresegner, reglar og forskrifter. Ein reknar med at det vert laga om lag tre gonger så mange føresegner som lover.



Budsjettarbeidet på Stortinget

Etter Grunnlova er det Stortinget som rår over statsfinansane, både utgiftene og inntektene. Etter at Lov om folketrygd tok til å gjelda i 1967, har budsjettet òg femna om inntekter og utgifter som høyrer inn under trygdeordningane. Det er altså Stortinget som løyver pengar, det vil seia steller pengar til rådvelde for den iverksetjande makta, regjeringa. Stortinget ikkje berre «tillèt» at det vert brukt pengar til eit visst føremål, men har òg rett til å «påby» det.



PROPOSISJON TIL STORTINGET (FRAMLEGG TIL STORTINGSVEDTAK)

Når Stortinget kjem saman om hausten, er det alltid statsbudsjettet som er den fyrste store saka. Handsaminga av statsbudsjettet pregar heile haustsesjonen. Statsbudsjettet er eit viktig styringsmiddel for Stortinget og regjeringa sidan det fastset rammene for den statlege verksemda det komande året. Proposisjonen til Stortinget er ei samla framstilling av framlegga regjeringa har til budsjettvedtak.

Statsbudsjettet må leggjast fram innan seks dagar etter at Stortinget er opna. Då gjev finansministeren ei utgreiing om budsjettframlegget, den såkalla finanstalen. Der gjer han greie for kva for utfordringar landet står overfor, og kva for prioriteringar og tiltak regjeringa vil setja i verk for å møte desse. Finanstalen er ein del av grunnlaget for den seinare finansdebatten.

Samstundes med statsbudsjettet legg regjeringa fram ei melding til Stortinget om nasjonalbudsjettet (Meld. St. 1). Dette er

ei stortingsmelding som gjer greie for den økonomiske politikken som regjeringa vil føra i meir generelle ordelag.


Før stortingshandsaminga er det gjort eit stort førearbeid der alle statsinstitusjonane og delar av statsforvaltninga er dregne inn i arbeidet. Finansdepartementet set opp eit samla framlegg til statsbudsjett, medrekna folketrygda, etter at drøftingane mellom departementa og i regjeringa er avslutta. Budsjettet vert formelt godkjent i statsråd hjå Kongen og deretter overlevert til Stortinget i form av ein proposisjon.

ARBEIDET MED STATSBUJSJETTET

Med utgangspunkt i regjeringsframlegget til statsbudsjett lagar partigruppene egne alternative budsjett. Desse framlegga er grunnlaget for det dei meiner om prioriteringane. Før forhandlingane i finanskomiteen har alle representantane til partia i andre komitear meldt frå til representantane sine i finanskomiteen om primærstandpunktane sine.

Regjeringa sitt forslag til statsbudsjett for 2025.

BUDSJETTARBEIDET




I Stortinget er det presidentskapet som kjem med framlegg om korleis dei ulike budsjettkapitla skal fordelast mellom fagkomiteane. Innstillinga om denne fordelinga vert handsama og vedteken av Stortinget. Etter at komitéleiarane har hatt høve til å uttala seg, fastset presidentskapet kva for frist komiteane skal ha for å leggja fram budsjettinnstillingane sine.

Finanskomiteen samordnar budsjetthandsaminga i Stortinget og legg seinast 20. november fram innstilling om nasjonalbudsjettet og framlegg til statsbudsjett medrekna folketrygda. Denne vert kalla finansinnstillinga. Ho inneheld òg framlegga til rammevedtak frå dei ulike partia. Samstundes legg komiteen fram innstilling om skattar, avgifter og utbyttepostar.

Stortinget skal handsama desse innstillingane innan ei veke. Stortinget har så den årlege finansdebatten. I dette ordskiftet får partia høve til å drøfta den økonomiske politikken til regjeringa og kor store statens utgifter og inntekter skal vera. Politisk er dette ordskiftet eit av dei viktigaste ordskifta i Stortinget.

Debatten vert avslutta med røysting over framlegga som er framsette i budsjettinnstillingane. Summane på alle rammeområda vert fastsette i eitt samla vedtak. Det rammevedtaket Stortinget har gjort, er bindande for den etterfylgjande budsjettføreavinga.

I perioden som fylgjer skal fagkomiteane leggja fram innstilling om løyvingar innanfor dei rammeområda dei er tildelte. Fagkomiteane kan berre omdisponera innanfor den vedtekte ramma. Det vil seia at om ein vil auka utgiftene, må det vegast opp med tilsvarende utgiftskutt eller inntektsauke.



Budsjettinnstillingane frå fagkomiteane skal handsamast av Stortinget seinast 15. desember. Då gjer Stortinget endelege budsjettvedtak. Summane på alle postar på eit rammeområde vert fastsette i eitt samla vedtak.

For at heile budsjettet skal verta ferdig handsama i tide, vert det sett opp eit stramt tidsskjema. Stortinget har ofte ei svært hektisk tid under budsjetthandsaminga. Til vanleg skil det målt i kroner mindre enn éin prosent mellom framlegget frå regjeringa og stortingsvedtaket. Men signala som Stortinget gjev gjennom kommentarane og prioriteringane sine, er politisk viktige, sidan dei kan få mykje å seia for komande budsjett.

Stortinget gjev mange av løyvingane sine i form av rammetilskot eller såkalla sekkeløyvingar og overlèt dermed den endelege fordelinga av midlane til regjeringa.

REVIDERT NASJONALBUDSJETT

Gjennom året kan regjeringa koma med framlegg (proposisjonar) om budsjettendringar. Det er til vanleg i samband med revidert nasjonalbudsjett om våren at dei mest omfattande endringane skjer. Ein kongeleg samleproposisjon om omprioriteringar og tilleggsløyvingar i statsbudsjettet kan leggjast fram seinast 15. mai i budsjettåret, saman med ei melding til Stortinget om revidert nasjonalbudsjett. Finanskomiteen legg fram innstilling om desse framlegga seinast andre fredagen i juni. Stortinget handsamar innstillinga og gjer vedtak innan utgangen av vårsesjonen.



Stortinget som kontrollorgan

Den tredje hovudoppgåva til Stortinget er å kontrollera regjeringa og forvaltninga. Stortinget skal sjå til at regjeringa gjennomfører dei vedtaka Stortinget fattar, og kontrollera at dei ulike forvaltningsorgana fylgjer dei retningslinene Stortinget har fastsett.

Grunnlova nemner ei rekkje kontrollmiddel overfor ulike sider av den statlege verksemda:

- gjennomgang av statsrådsprotokollane (som inneheld vedtak i statsråd)
- gjennomgang av traktatar
- kontroll med statsrekneskapane o.a.

Gjennombrotet for parlamentarismen i 1884 og utviklinga seinare har ført til at Stortinget har fått eit heilt anna og langt breiare grunnlag enn før for å kontrollera ulike sider av politikken som regjeringa står for. Den omfattande og ubrotne kontrollen med forvaltninga som Stortinget i dag utøver, er ofte basert på opplysingar frå media.

DEBATTANE

Gjennom ordskipa får Stortinget høve til å kontrollera og vurdere den politikken regjeringa fører. Ordskipa går til vanleg for opne dører. Trontaledebatten innleier stortings-sesjonen kvart år og har på mange måtar utvikla seg til ein gjennomgang og ei drøfting av politikken til regjeringa (stundom kalla opposisjonens debatt).

Den same funksjonen har finansdebatten, som gjeld den økonomiske politikken regjeringa fører. Gjennom året gjer regjeringsmedlemer greie for ulike sider ved politikken til regjeringa, og desse utgreiingane gjev òg grunnlag for ordskipa.

SPØRSMÅL OG INTERPELLASJONAR

Gjennom spørsmål og interpellasjonar til regjeringsmedlemene har stortingsrepresentantane høve til å få fram informasjon om visse saker og/eller klargjera korleis regjeringa ser på aktuelle politiske spørsmål. Det er fleire måtar å stilla spørsmål på.

Nesten kvar veke når Stortinget er samla, er det spørjetime onsdag frå kl. 10.00. Det byrjar med munnleg spørjetime. Her er spørsmåla ikkje kunngjorde på førehand, men representantane får kvar måndag føremiddag melding om kva for regjeringsmedlemer som skal vera med. Det har vorte praksis at statsministeren stiller ein gong i månaden. Dermed kan representantane tilpassa spørsmåla etter kva for statsrådar som møter. Presidenten avgjer kven som skal få ordet, og i kva for rekkjefylgje.

Den ordinære spørjetimen fylgjer rett etterpå. Ein representant som ynskjer å stilla spørsmål til ein medlem av regjeringa og få svar i spørjetimen, må setja fram spørsmålet skriftleg til stortingspresidenten seinast torsdagen før. Ofte gjeld spørsmåla saker som har lokalpolitisk opphav og/eller som massemedia har retta søkjelyset mot. Spørjaren vil gjerne vita kva statsråden meiner om saka og om departementet vil gjera noko med henne.

Spørsmål som krev skriftleg svar, må ein regjeringsmedlem svara på innan seks kvar-dagar.

Interpellasjonar er ei meir omstendeleg spørsmålsform. Dei gjeld ofte større og politisk viktigare saker, og gjev grunnlag for ordskifte. Statsministeren eller vedkomande statsråd gjev skriftleg melding om når det kan ventast svar. Det skal skje så snart som råd og seinast innan éin månad etter at interpellasjonen vart framsett.

KONTROLL- OG KONSTITUSJONSKOMITEEN

Dette er ein av dei 12 faste fagkomiteane i Stortinget. Han skal gå gjennom og gje tilråding til Stortinget om m.a. protokollar frå statsråd. Han skal òg gå gjennom rapportane frå Riksrevisjonen. Komiteen drøftar dessutan den årlege meldinga frå regjeringa om oppfølginga av stortingsvedtak som inneheld ei oppmoding til regjeringa. Vidare hand-samar komiteen òg grunnlovssaker, løyvingar til Stortinget, vallovgeving, meldingar frå Stortingets ombodsmann for forvaltninga og meldingar frå Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvåkings- og tryggingstene-ste (EOS-utvalet) og anna.

Komiteen kan dessutan granska ting i forvaltninga når han meiner det trengst for at Stortinget skal kunna føra kontroll med forvaltninga, men fyrst etter at vedkomande statsråd har fått melding og oppmoding om

å skaffa dei opplysingane komiteen ynskjer. Ein tredjedel av medlemene i komiteen er nok til å ta ei slik avgjerd (mindretalsrett).

Kontroll- og konstitusjonskomiteen er den einaste av dei faste komiteane i Stortinget som har uavgrensa rett til å reisa saker på eige initiativ.

RIKSREVISJONEN

Gjennom revisjon og kontroll skal Riksrevisjonen sjå til at statens midlar og verdiar vert forvalta på ein økonomisk forsvarleg måte og i samsvar med det Stortinget har vedteke.

Riksrevisjonen er uavhengig av regjeringa og andre forvaltningsorgan, og er det viktigaste eksterne kontrollorganet til Stortinget. Riksrevisjonen har i dag om lag 500 tilsette fordelt på sju avdelingar. Dei fem stortingsvalde revisorane utgjer eit kollegium som er øvste leinga for Riksrevisjonen.

Fyrst og fremst skal Riksrevisjonen kvart år revidera statsrekneskapen og rekneskapen for administrasjonen av Svalbard. Desse hovudrekneskapane viser korleis regjeringa og departementa har brukt statens pengar.

SIVILOMBODSMANNEN

Sivilombodsmannen vert vald av Stortinget for fire år frå 1. januar året etter stortingsvalet. Ombodsmannen skal arbeida for å sikra at det ikkje vert gjort urett mot einskildborgarar i den offentlege forvaltninga.

Eit søksmål for domstolane vil ofte vera dyrt og ta lang tid. Ved å klaga (innan eitt år) til Sivilombodsmannen kan den som meiner å ha vore utsett for urett, få saka si prøvd på ein enkel måte. Ombodsmannen granskar saka og uttalar seg om henne. Dersom han kjem til at ei forvaltningsavgjerd er ulovleg eller klårt urimeleg, bøyer forvaltningsorgana seg som regel for det, tek saka opp på nytt og fylgjer oppmodinga frå ombodsmannen.



STORTINGETS OMBODSMANN FOR FORSVARET

er ei tilsvarande ordning for personell i Forsvaret som meiner dei har vorte handsama urett eller urettferdig.

GRANSKING AV TRAKTATAR OG UTVIKLINGSAVTALAR

Kvart år sender Utanriksdepartementet ei oppgåve til Stortinget over alle traktatar som er oppretta, og utanriks- og forsvarskomiteen granskar dei og legg fram innstilling for Stortinget. Somme av desse er alt handsama, sidan det står i Grunnlova (§ 26) at alle traktatar «om særleg viktige saker» skal leggjast fram for Stortinget før dei vert oppretta.

OPNE KONTROLLHØYRINGAR

Kvar einskild fagkomité kan i visse tilfelle avgjera at ei sak høver til open kontrollhøyring. Det gjer seg gjeldande særlege omsyn i kontrollsaker der det er mistanke om kritikkverdige ting, feil eller forsømingar i regjeringa eller forvaltninga. Føremålet er ofte å kartlegga kva for ansvar som ligg på statsrådene.

EOS-UTVALET

Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvakings- og tryggingsteneste (EOS-utvalet) fører jamleg kontroll med dei hemmelege tenestene.

Stortinget kan setja ned parlamentariske granskingskommisjonar.

Open høyring i Stortingets kontroll- og konstitusjonskomité om rapport til Stortinget frå Sannhets og forsoningskommisjonen.



Arbeidsordninga på Stortinget

Alle som vil kan skaffa seg kunnskap om arbeidet på Stortinget. Møta på Stortinget er opne for publikum og media. Både stortingsmøta og høyringane i komiteane kan ein fylgja direkte ved personleg frammøte eller ved å fylgja det som skjer på nett-TV.

Alle dokument som er relevante for saks-
handsaminga på Stortinget – som meldin-
gane og proposisjonane frå regjeringa og
innstillingane, vedtaka og referata frå møta
på Stortinget – er tilgjengelege på www.stortinget.no.

Grunnlova fastset reglar for korleis Stortinget
skal vera samansett, kva for oppgåver det
har, og kva for verksemd det skal driva. Men
ho inneheld ikkje alle detaljar når det gjeld
sakshandsaminga. Det er forretningsordenen
for Stortinget som fastset korleis Stortinget
organiserer seg, og korleis arbeidet på Stortin-
get skal ordnast.

STORTINGET KJEM SAMAN OG KONSTITUERER SEG

«Stortinget kjem i regelen saman i hovudsta-
den den fyrste kvardagen i oktober kvart år.»
(Grunnlova § 68)

Representantane tek altså sete fyrste kvar-
dagen i oktober, og dermed startar arbeids-
bolken på Stortinget. Når eit nyvalt storting
møter, har den fyrste representanten frå kvart
fylke med seg ei fullmakt frå valstyret i fylket

sitt som seier at dei valde representantane
frå fylket har mandat til å møta på Stortinget.
Alle fullmaktene vert kontrollerte av full-
maktskomiteen. Er det gjort mistak, kan det
verta omval.

Etter at innstillinga frå fullmaktskomiteen
er ferdig handsama, vel Stortinget president
og fem visepresidentar. Det vert òg valt to
sekretærar.

Når Stortinget har valt presidentar og sekre-
tærar, kunngjer presidenten at Stortinget er
lovleg konstituert, og gjev melding til Kongen
om det. Stortinget vel presidentar på same
måte kvart år i valperioden.

DEN HØGTIDLEGE OPNINGA AV STORTINGET

Kongen opnar Stortinget på høgtidleg vis
fyrste kvardagen etter at Stortinget har
konstituert seg.

Trontalen, som Kongen les opp, inneheld
programfråsegna frå regjeringa for det
komande året. Deretter les ein av medlemene
i regjeringa opp «meldinga om Noregs



Finlands president Alexander Stubb signerer Stortingets gjestebok i Eidsvollsgalleriet med stortingspresident Masud Gharahkhani.

tilstand og styring». Nokre dagar seinare vert trontalen debattert i Stortinget.

PRESIDENTSKAPET

Hovudoppgåva til presidentskapet er å leggja til rette arbeidet og møteverksemda på Stortinget. Presidentskapet skal òg syta for at forretningsordenen vert fylgd.

Presidentskapet har òg representasjonsoppgåver, til dømes når parlamentarikardelegasjonar frå utlandet er på gjesting.

Stortingspresidenten er nest etter kongen i rang.

SAKSFØREBUINGSARBEIDET

Arbeidet på Stortinget er ikkje berre det som går føre seg på talarstolen og som alle kan fylgja. Den andre delen av arbeidet er mindre synleg i det offentlege rommet og vert gjort i komiteane og i partigruppene. Oftast er det i komiteane at sakene i røynda vert avgjorde.

DEI FASTE FAGKOMITEANE PÅ STORTINGET

Komiteane har til oppgåve å førebu dei sakene Stortinget skal ta standpunkt til. Ei valnemnd på 37 medlemmer (der partia og distrikta er representerte i høve til mandattalet) fastset korleis dei faste komiteane på Stortinget skal vera samansette. Men førearbeidet vert gjort i partigruppene, som fordeler medlemmene sine på fagkomiteane, og ved kontaktar mellom gruppene før saka kjem opp i valnemnda. Ho godtek til vanleg det partigruppene gjer framlegg om.

Alle representantane skal vera medlemmer av ein fagkomité. Difor er det ikkje alltid mogleg å oppnå den same samansetnaden etter partistorleik i alle komiteane, og dermed heller ikkje det same politiske styrketilhøvet i alle komiteane som i Stortinget under eitt.

Når komiteane er oppnemnde, vel kvar einskild komité leiari, fyrste nestleiar og andre nestleiar. Komiteane har til vanleg frå elleve til 18 medlemmer.



Dei fleste sakene som vert lagde fram for Stortinget, vert sende til førebuing i ein komité. Forretningsordenen fastset korleis sakene skal fordelast mellom komiteane. Hovudregelen for fordelinga er at komiteane behandlar saker frå departement med namn som minner om namnet på komiteane. Til dømes tek helse- og omsorgskomiteen opp saker på fagområdet til Helse- og omsorgsdepartementet.

Til alle saker som skal handsamast i komiteane, vert det valt ein saksordførar. Ordføraren er ansvarleg for framdrifta av saka, innhenting av opplysingar o.a. heilt til den endelege innstillinga frå komiteen ligg føre. Innstillinga inneheld eit samandrag av saka, merknader frå komiteen, eventuelle mindretalsframlegg og framlegg til vedtak. Innstillinga kjem opp i Stortinget i plenum som gjer endeleg vedtak.

Mange saker er drøfta og avgjorde med samrøystes tilslutning frå alle medlemene i komiteen. Dersom det er usemje, kan det føra til omfattande ordsifte og drøftingar i komiteen, og komiteen kan dela seg i to eller fleire fraksjonar (delar). Kvar fraksjon kan velja sin eigen ordførar i saka. Det som med-

lemene ikkje har vorte samde om, kjem fram i innstillinga som merknader og ev. mindretalsframlegg frå dei ulike fraksjonane. I særleg vanskelege saker er det vanleg at fraksjonsmedlemene drøfter saka med gruppestyra i partia sine eller med heile stortingsgruppa. I desse møta vert dei politiske standpunkta avklåra og seinare nytta som grunnlag for forhandlingane i komiteen. Møta vert haldne for stengde dører.

Ofte kallar komiteen inn til høyringar med departement, organisasjonar og andre for å få fleire opplysingar. Det hender òg at organisasjonar og einskildpersonar sjølve bed om å få møta komiteen og leggja fram synspunkta sine. Høyringane går for opne dører, med mindre det vert fastsett noko anna.

Når representantane røystar i ei sak, fylgjer dei til vanleg partifellen eller partifraksjonen sin i komiteen. Eit framlegg som komitéfleirtalet står bak, vil difor normalt òg få fleirtal i Stortinget. I dei komiteane der det ikkje er den same relative partirepresentasjonen som i Stortinget under eitt, vert ikkje alltid resultatet slik.

Komitémøte i utdannings- og forskingskomiteen.



Under viktige møte er det gjerne mykje liv i Vandrehallen.

Komiteane kan i hovudregelen berre ta opp saker som dei har fått oversendt frå Stortinget. Unnateke er kontroll- og konstitusjonskomiteen. Han står i ei særstilling ved at han kan «gjere dei undersøkingane i forvaltninga som komiteen meiner er nødvendige for den kontrollen Stortinget skal ha med forvaltninga».

DEN UTVIDA UTANRIKS- OG FORSVARSKOMITEEN

Valkomiteen nemner òg opp ein utvida utanriks- og forsvarskomité. Der sit dei ordinære medlemene i utanriks- og forsvarskomiteen, presidenten og leiarane for partigruppene (om dei ikkje alt er medlemmer i komiteen). Valkomiteen kan nemna opp ytterlegare medlemmer dersom omsynet til rimeleg parti-representasjon talar for det.

Den utvida utanrikskomiteen har til oppgåve å drøfta med regjeringa viktige spørsmål om utanrikspolitikk, forsvarspolitikk, handelspolitikk og tryggingstiltak. Slike drøftingsmøte vert haldne før regjeringa tek viktige avgjerder. Forhandlingane i denne komiteen skal haldast hemmelege dersom det ikkje uttrykkeleg er bestemt noko anna.

RÅDGJEVANDE ORGAN

Europautvalet er eit reint konsultativt organ som skal gje regjeringa råd om korleis ho skal stilla seg til dei EU-direktiva som vert hand-sama i EØS-komiteen, som er fellesorganet for EU- og EFTA-landa. Det er i Europautvalet Stortinget kan koma med innspel i saker som vert norsk rett når dei seinare vert tekne inn i EØS-avtalen.

PARTIGRUPPER OG GRUPPESEKRETARIAT

Når dei nyvalde representantane kjem til Stortinget, organiserer dei seg i partigrupper. Dei representantane som er valde frå det same politiske partiet, utgjer ei partigruppe.

Kvar partigruppe vel eit gruppestyre og ein leiar. Han eller ho vert kalla parlamentarisk leiar for partiet. Gruppeleiaren tek visse politiske avgjerder, samordnar arbeidet i partigruppa og kjem med framlegg til korleis partirepresentantane skal fordelast på komiteane.

Dei fleste partigruppene har møte onsdag ettermiddag. Der orienterer representantane om saker i komiteane sine, og partigruppene



drøfter og tek standpunkt til alle sakene som skal handsamast på Stortinget. Er det usemje om ei sak i ei partigruppe, vert det avklåra i gruppa på førehand. Mindretalet bøyer seg til vanleg for fleirtalet og røystar saman med det når saka kjem på Stortinget. Når det er saker som er viktige for valdistriktet til ein representant (til dømes lokaliseringssaker), kan det henda at lokale omsyn går føre det synet partifleirtalet har. Det same kan vera tilfellet i livssynssaker (samvitssaker). Gruppemøta er ikkje offentlege.

STORTINGSMØTA

Eit program for møta i komande veke vert kunngjort i slutten av kvar veke. Presidentskapet fastset når Stortinget skal møta, og set opp kva for saker som skal handsamast på møtet. Kvart møte med sakliste skal kunngjerast minst 24 timar før det tek til.

Fem minutt før stortingsmøtet byrjar, vert det ringt. Etter Grunnlova må presidenten forvissa seg om at minst halvparten av representantane (minst 85) er til stades før møtet tek til.

Den som har ordet, skal retta talen til presidenten, og difor byrjar talarane gjerne innlegga sine med «Vørde president», «President», «Gode president» og liknande. Presidenten leier møtet og skal mellom anna sjå til at det er ro i salen.

I tillegg skal presidenten sjå til at representantane held seg til den taletida dei har fått tildelt. Det er praksis at presidenten før større ordskifte får eit framlegg frå komiteen om fordelinga av taletid og rekkjefylgja på partigruppene. Føremålet er å få til ei rimeleg fordeling av taletida mellom partigruppene. Taletida for partia vert utrekna etter kor mange representantar dei har, men dei minste partia får alltid litt meir tid per representant enn dei største.

Møta i Stortinget startar som regel kl. 10.00. Dei kan halda fram etter kl. 22.00 dersom Stortinget sluttar seg til det.

Her sit representant nummer 1 frå Nordland.



Under voteringa bruker representantane raud eller grøn knapp på panelet. Skjermen viser kva sak som er under debatt, og kven som står på talarstolen.

VOTERING

Når dei talarane som har teikna seg, har hatt ordet, kunngjer presidenten at ordskiftet er avslutta. Voteringa skjer på eit tidspunkt som er fastsett av presidentskapet på førehand. Det ringjer med eit eige signal før ei røysting, slik at representantane kan koma til salen. I alle saker, bortsett frå grunnlovsframlegg, kan det røystast når minst halvparten av representantane er til stades.

Skal ein røysta over grunnlovsframlegg, må minst to tredjedelar vera til stades.

Røystingane avsluttar den parlamentariske sakshandsamingsprosessen, ofte etter lange drøftingar i komitear og partigrupper og etter omfattande debatt. Resultatet av røystinga kan vera samrøystes tilslutning til eller vraking av dei framlegga som ligg føre. Oftare vil nok røystinga visa eit fleirtal for eller imot framlegga. Dermed er resultatet i samsvar med det demokratiske prinsippet om at fleirtalet avgjer saka, etter at mindretallet òg har hatt høve til å målbera sitt syn.

I stortingssalen bruker representantane til vanleg det elektroniske voteringsanlegget. Hovudregelen er at representantar som røystar for, trykkjer på ein grøn knapp merkt «for» og sit, medan dei som røystar imot, trykkjer på ein raud knapp merkt «mot» og reiser seg. Når røystinga er avslutta, vert røystetala viste på voteringstavler. Voteringsresultatet vert også gjort kjent på nettsida til Stortinget.

Namneopprop vert nytta i særleg viktige eller særleg omstridde saker, ved røysting over framlegg til endringar i Grunnlova og over mistillitsframlegg og kabinettsspørsmål.

Skriftleg (og hemmeleg) røysting vert berre brukt ved val av personar til verv og liknande.

Til vanleg vert røystinga avgjort ved vanleg røystefleirtal, det vil seia meir enn halvparten av røystene. Når Grunnlova skal endrast, krevst det to tredjedels fleirtal, og ved overdraging av avgjerdsrett til internasjonale organisasjonar tre fjerdedels fleirtal. EØS-avtalen vart vedteken i samsvar med denne paragrafen (130 mot 35 røyster ved namneopprop).



«DEN TOMME SALEN»

Arbeidsdagen til stortingsrepresentantane er korkje avtalefest eller underlagd dei allmenne arbeidstidsføresegnene i arbeidsmiljølova.

Arbeidsdagen på Stortinget er avhengig av møteverksemda i partia, komiteane og i stortingssalen. Dette krev at representantane førebur seg, mellom anna ved å lesa dokument, henta inn opplysingar, laga notat og førebu eller skriva eigne innlegg til debattane i salen.

Representantane er også engasjert i anna møteverksemd, t.d. møte med organisasjonar, departement, delegasjonar, gjester frå heim-distriktet og andre som ynskjer å snakka med ein representant. Ut over dette går tida med til å svara på brev og førespurnader, skriva innlegg til avisene, førebu og skriva talar og føredrag, og vera med på møte utanfor Stortinget. Det går også med tid til reising rundt om i landet og til å vera med i den offentlege debatten.

Mange som har sett på TV-overføringar frå stortingssalen, har undra seg over at det ofte er svært få representantar å sjå i salen (difor uttrykket «den tomme salen»). Det er altså sjølve arbeidsordninga som gjer at ein representant ikkje kan sitja i salen heile dagen. Han er som regel til stades når han har vore med på å handsama saka i ein komité, er særleg interessert i ei sak eller ynskjer å høyra innlegget til ein viss representant, eventuelt med tanke på sjølv å halda eit innlegg i same saka. Ein kan også fylgja med i debattane på nett-TV.

Minst halvparten av stortingsrepresentantane har plikt til å vera til stades i salen når møtet vert sett og når det skal røystast. Om dei ikkje kan vera til stades, må dei anten syta for å verta «bytte ut» eller søkja om permisjon.

Stortingssalen vert av og til kalla «den tomme salen».

Forklaring på visse ord og omgrep

B

Budsjettføreaving: Budsjetthandsaming, arbeid med statsbudsjettet. Dette er den viktigaste oppgåva til Stortinget ved sida av lovgjeving og kontroll med regjeringa og forvaltninga.

D

Delegera: Overføra eller overdra avgjerds-makt, oftast frå eitt offentleg organ til eit anna (til dømes frå Stortinget til regjeringa eller departementa).

Demokrati: Folkestyre, styreform der (fleirtalet av) folket har den avgjerande makta.

Direkte demokrati: Alle som ynskjer det, er med og avgjer i alle saker (til dømes allmøte). Indirekte demokrati eller «representativt demokrati»: Folket styrer gjennom valde representantar som handlar på vegner av folket og på den måten tek hand om interessene til veljarane og står til rette for veljarane sine ved neste val.

Dissens: Meiningsskilnad, fråsegn som vik frå det fleirtalet står for.

F

Fleirtalsregjering: Regjering sett saman av parti som har fleirtal i Stortinget.

Folkesuverenitet: At statsmakta går ut frå folket. Folket (det vil seia den vaksne delen av innbyggjarane, veljarane, ved lik og allmenn røysterett) har gjeve staten mynde til å vedta lover som set grenser for fridomen til kvar einskild borgar. Folkesuvereniteten vert i vårt representative system utøvd av Stortinget, som såleis styrer på vegner av folket. Regjeringa kan fjernast av stortingsfleirtalet (jf. parlamentarismen).

Forvaltninga: Statsadministrasjonen, statsapparat med fast tilsette embets- og tenestemenn som hjelper til med å planleggja og setja i verk alle dei tiltak og oppgåver dei politiske styresmaktene gjer vedtak om.

Forretningsorden: Reglar for saksføreaving o.a. Forretningsordenen for Stortinget (FO) regulerer arbeidsordninga på Stortinget, men

kjem ikkje inn på alle sider ved stortingsarbeidet. Det er eigentleg Grunnlova som fastset reglane, samansetninga og funksjonane, men Grunnlova omtalar ikkje alle detaljar når det gjeld saksføreavinga.

Fraksjon: Eit parti eller ei gruppe av fleire parti som tek eit anna standpunkt til ei sak i ein komité e.l. Ofte talar ein om ein fleirtalsfraksjon og ein mindretalsfraksjon.

Fullmaktskomité: Når eit nytt storting kjem saman, har dei valde representantane med fullmakter frå valstyret i fylket sitt som seier at dei har mandat til å møta på Stortinget. Alle fullmaktene vert kontrollerte av fullmaktskomiteen på Stortinget, slik at ein er sikker på at representantane er valde etter dei lover og reglar som gjeld. Innstillinga frå fullmaktskomiteen vert teken opp i Stortinget. Det har hendt at det har måtta omval til (til dømes i Buskerud og Troms i 1981).

Fullmaktslov: Lov der Stortinget overlèt (delegerer) til regjeringa og forvaltninga å laga meir detaljerte reglar og forskrifter på det området lova dekkjer.

G

Grunnlovsframlegg: Grunnlova § 121 fastset at framlegg til grunnlovsendringar må takast opp på eitt av dei tre fyrste stortinga i ein stortingsperiode og må handsamast på det fyrste, andre eller tredje stortinget i neste perioden. På den måten vil det alltid vera eit stortingsval mellom framlegget og vedtaket, slik at veljarane får høve til å gjera seg opp ei meining. Det krevst to tredjedels fleirtal for å få vedteke eit grunnlovsframlegg, og minst to tredjedelar av representantane må møta og røysta i grunnlovsspørsmål. Grunnlovsframlegg vert handsama i samla storting (plenum). Det stortinget som handsamar framlegget, kan ikkje gjera noka endring i det. Det må anten vedtakast som det er, eller vrakast heilt og fullt. Difor vert ofte grunnlovsframlegg framsette i ulike alternativ, for at det stortinget som handsamar dei, likevel skal ha ein viss valfridom.

H

Høgtidleg opning: Når Stortinget har konstituert seg, får Kongen melding om det. Til vanleg opnar Kongen Stortinget på høgtidleg vis dagen etter konstitueringa, om det ikkje er ein søndag. Kongen les opp trontalen, som inneheld programfråsegna frå regjeringa for det komande året. Det er praksis at den yngste statsråden (om alle statsrådene har fungert like lenge) eller eventuelt den ferskaste statsråden les «meldinga om Noregs tilstand og styring».

Høvetalsval: Valordning som går ut på at mandata (plassane) skal fordelast mellom partia (vallistene) i høve til kor stor del av røystene dei har fått. Denne ordninga har vi hatt i Noreg sidan 1920.

I

«Innpiskar»: I stortingssjargongen namnet på den eller dei i kvar partigruppe som har ansvaret for å byta ut representantar som av ulike grunnar må vera kortvarig borte frå Stortinget. På den måten vert det politiske styrketilhøvet halde ved lag ved røystingar.

Innstilling: Når ein komité har drøft ei sak, legg han fram ei skriftleg innstilling som gjev uttrykk for kva for syn komiteen har, og framlegg til vedtak.

Interpellasjon: Meir omfattande form for spørsmål til regjeringa eller ein statsråd, som ofte gjeld større og politisk viktigare saker (jf. spørjetimespørsmål).

K

Kabinetsspørsmål: Når ei regjering stiller kabinetsspørsmål i ei sak, tyder det at ho vil gå av dersom stortingsvedtaket går henne imot. Det er altså kabinetsspørsmål når regjeringa anten tolkar eit framlegg som mistillit, eller når regjeringa gjev uttrykk for at ho ikkje vil godta eit framlegg som er framsett, eller når det er ein situasjon som regjeringa oppfattar slik at stortingsfleirtalet vil gå imot framlegget eller politiske retningslinjer frå regjeringa i ei sak.

Komité: Noko av det viktigaste arbeidet i Stortinget vert gjort i dei 12 fagkomiteane. Nesten alle saker som skal opp i Stortinget vert fyrst handsama av ein komité. Alle stortingsrepresentantane sit i éin av fagkomiteane.

Konstituering: Det at Stortinget organiserer seg. Stortinget kjem saman fyrste kvardagen i oktober, og når Stortinget har valt presidentar og sekretærar, kunngjer presidenten at Stortinget er lovleg konstituert.

Konstitusjon: Statsforfatning, forfatning, rettsordning som danner grunnlaget for statsstyret i eit land. Grunnlova er ein viktig del av statsforfatninga vår, men vi har òg rettsreglar som er resultat av praksis gjennom lengre tid (sedvanerett).

L

«Lobbyisme»: Uttrykk for politisk aktivitet utanom dei vanlege kanalane, freistnad på påverknad gjennom direkte samtalar med representantane, «forhandlingar» med politikarane «bak kulissene». Dette vert òg kalla «korridorpolitikk». Det er ofte organisasjonar og større verksemdar som tyr til lobbyverksemd.

M

Majoritet: Storparten, dei fleste, røystefleirtalet.

Mandat: Avgjerdsrett, fullmakt, oppdrag, verv, vert ofte brukt om dei plassane som skal fordelast mellom partia ved til dømes stortingsval.

Manntal: Liste over personar, til dømes over dei som har røysterett ved eit val (valmanntal).

Melding til Stortinget: Ofte ei orientering frå regjeringa til Stortinget om ulike sider ved statleg verksemd (t.d. årsmeldingar frå statlege bedrifter eller etatar, meldingar om deltaking i ulike former for internasjonalt samarbeid) eller om planar som regjeringa vil setja i verk, og som regjeringa ynskjer å få drøfta i Stortinget. Dersom regjeringa ynskjer å trekkja tilbake ein proposisjon, skal det skje i form av ei melding.

Mindretalsregjering: Regjering der det partiet eller dei partia som danner regjeringa, ikkje har fleirtal i Stortinget.

Mistillitsframlegg: Framlegg i Stortinget. Dersom det vert vedteke, inneber det eit mistillitsvotum, ei fråsegn der stortingsfleirtalet uttrykkjer mistillit til regjeringa eller ein einskild statsråd, som då vert tvinga til å gå av (jf. parlamentarisme). Kritikken av den politikken ei regjering har ført, er i seg sjølv ikkje nok til å fella ho.

N

Nasjonalbudsjettet: Melding frå regjeringa til Stortinget om den økonomiske politikken og utviklinga i landet det komande året.

Nominasjon: Den prosessen som avgjer kven som skal vera kandidatar ved eit val. Det er dei politiske partia som peikar ut dei personane som skal stå på vallistene.

NOU: Noregs offentlege utgreiingar, dokument som inneheld ei grundig utgreiing av ei sak eller eit saksområde.

O

Ombodsmann: Ein eller fleire personar som Stortinget har valt til å føra juridisk kontroll med verksemda i forvaltninga og sikra borgarane mot overgrep frå styresmaktene. Ein slik ombodsmann er til dømes Sivilombodsmannen.

Opinion: Folkemeining, vanleg syn på ei viss sak.

Opposisjon: Motsetnad, motstand, grupper som er misnøgde med dei som styrer, namn på dei partia som ikkje sit med regjeringsmakta, og som står i motsetnad til regjeringa.

P

Parlamentarisk leiar: Leiar for ei partigruppe på Stortinget

Parlamentarisme: Styreform som inneber at regjeringa er ansvarleg overfor nasjonal- forsamlinga (Stortinget). Dette inneber

at regjeringa ikkje kan halda fram å styra dersom stortingsfleirtalet gjev uttrykk for mistillit til henne. Sjå også kabinettspørsmål. Parlamentarismen har vorte til gjennom politisk praksis (sedvane) og er no ein del av det norske statsrettslege systemet. Sjå § 15 i Grunnlova.

Partigruppe: Gruppering av dei representantane som er valde frå same politiske partiet. Forretningsordenen for Stortinget definerer omgrepet til å gjelda berre dei representantane som er innvalde frå eit registrert parti som ved valet stilte liste i minst ein tredjedel av fylka.

Plenum: Fulltalig forsamling, møte i stortingssalen.

Presedens: Avgjerd som vert mønster for seinare avgjerder av liknande slag.

Presidentskapet: Når Stortinget konstituerer (organiserer) seg, vel Stortinget president og fem visepresidentar. Til saman utgjer desse seks personane presidentskapet i Stortinget. Dei legg til rette verksemda på Stortinget. Presidentane leier møta.

Proposisjonar til Stortinget:

Proposisjonar til Stortinget (framlegg til stortingsvedtak): Framlegg frå regjeringa om saker Stortinget skal ta stilling til. Stortingsproposisjonar inneheld ofte framlegg om å bruka statlege pengar til bestemte føremål eller framlegg om å skaffa staten pengar på bestemte måtar. Proposisjonen kan òg vera framlegg til ein avtale som bind staten til å handla på ein bestemt måte sjølv om det ikkje får økonomiske fylgjer. Proposisjonen inneheld alltid eit ferdig formulert vedtak som Stortinget kan votera (røysta) over. Nemninga skal forkortast slik: Prop. X S (sesjon). X = fortløpande nummer.

Proposisjon til Stortinget (framlegg til lovvedtak): Proposisjonar frå regjeringa som inneheld framlegg til vedtak som gjeld lovsaker. Nemninga skal forkortast slik: Prop. X L (sesjon). X = fortløpande nummer. Proposisjonar til Stortinget kan innehalda

både framlegg til lovvedtak og framlegg til stortingsvedtak (alminnelege saker og budsjettsaker). Nemninga skal forkortast slik: Prop. X LS (sesjon). X = fortløpande nummer.

R

Replikk: Kort ytring, svar, innlegg. I ein debatt skal presidenten gje høve til replikkordskifte dersom Stortinget ikkje vedtek noko anna. Replikken skal ha tilknytning til vedkomande innlegg. Taletida for kvar einskild talar er på eitt minutt. Den som har utløyst replikken, kan svara på kvart innlegg etter tur. Ordsiftet kan omfatta inntil fem replikkar med svar, men kan avgrensast til tre. Sjå elles § 53 i forretningsorden til Stortinget.

Representantframlegg: Framlegg frå ein stortingsrepresentant. Det kjem opp i ein komité på same måten som saker frå regjeringa.

S

Saksordfører: Fagkomiteen vel ein saksordfører for kvar sak som han får til førehaving. Ordføraren skal leggja saka fram i komiteen, laga innstillinga og gjera greie for saka i Stortinget.

Sanksjon: Kongen i statsråd stadfester (godkjenner) lovvedtak som Stortinget har gjort, med underskrifta si, og statsministeren kontrasierer.

Statsråd (på Slottet), Kongen i statsråd: Regjeringa, under leiing av Kongen, har normalt møte på Slottet kvar fredag kl. 11.00. Dersom kongen er sjuk eller på reise i utlandet, er det kronprinsen som leier møtet. Har kongen forfall på grunn av reise innanlands, kan han «overlate styringa av riket til statsrådet» (Grl. § 13).

Statsforfatning: Riksskipnad, konstitusjon, rettsleg ordning som er grunnlaget for korleis ein stat skal styrast. Grunnlova er ein viktig del av forfatninga vår, men i tillegg har vi rettsreglar som har vorte til gjennom politisk praksis over lengre tid.

Stortingsbolk: Den fireårige funksjonstida til eit nytt storting

T

Trontalen: Tale som kongen les opp når Stortinget vert høgtidleg opna. Talen inneheld programfråsegna frå regjeringa for det komande året. Stortinget har ordskifte om trontalen.

U

Utbyting: Ordning for representantar som av velferdsgrunnar eller i rolla som stortingsrepresentant må vera borte frå Stortinget i kortare tid. Representantar vert bytte ut for å ha det same talmessige høve mellom partia i voteringa.

V

Vedtaksfør: Ved røysting i vanlege saker må over halvparten av representantane vera til stades, medan to tredjedelar må vera til stades i samband med grunnlovsframlegg.

Votering: Røysting. I alle saker tek Stortinget på eit eller anna tidspunkt eit formelt standpunkt. Voteringa skjer på eit tidspunkt som er fastsett av presidentskapet på førehand, og det vert votert over innstillinga frå komiteen og dei forslaga som ligg føre.



Besøks- og formidlingstilbod

BESØK PUBLIKUMSGALLERIET

Stortingsmøta er opne for publikum og dette krev inga påmelding på førehand. Ver venleg å nytte inngangen frå Karl Johans gate. Alle besøkande må gjennom ein sikkerheitskontroll. Ytterklede og sekker/vesker blir oppbevarte i låst garderobe. Sjå www.stortinget.no for oversikt over stortingsmøta.

OMVISINGAR FOR SKULAR

Stortinget tilbyr omvisingar for grunnskulen, vidaregåande skular og vaksenopplæringa. Sjå www.undervisning.stortinget.no for datoar og bestilling.

OMVISINGAR FOR PUBLIKUM

Stortinget tilbyr omvisingar og kunstomvisingar for publikum. Om sommaren har Stortinget opne sommaromvisingar. Sjå www.stortinget.no for datoar og meir informasjon.

LÆRINGSSPEL

Stortinget tilbyr læringsspel for elevar i ungdomsskulen og for elevar på vidaregåande skular. Gjennom besøket i «Valet er ditt» får ungdomsskuleelevar ei lærerik og utfordrande innføring i politisk og demokratisk tankegang. I «Demo» trer elevar i den vidaregåande skulen inn i rolla som sttingsrepresentantar. Slik lærer dei om oppgåvene til Stortinget og får fornya forståing for det demokratiske systemet vårt. Sjå www.undervisning.stortinget.no for datoar og bestilling.

NETTBASERTE LÆRINGSRESSURSAR

Sjå www.undervisning.stortinget.no for digitale læringsressursar til dei ulike trinna i skulen.

FØLG OSS HER



FOTO: Alle foto er tatt av Stortingets fotograf, med unntak av:

Omslag: Ivan Brodey

Side 4–5, 12, 22–23, 30: Stortinget/Morten Brakestad

Side 8: Stortinget/Teigens fotoatelier as

Side 10: Stortinget/Vidar M. Husby

Side 17: Stortinget/Benjamin A. Ward

Stortinget og demokratiet – nynorsk

ISBN 978-82-8196-223-1 (trykt utg.)

ISBN 978-82-8196-224-8 (elektronisk utg.)

© Stortingets administrasjon, 2024



Svanemerket trykksak, 2041 0654

